


HISTORIKAR VERK SEMDA



Kulturmiljørappport

Fana, gnr. 41, Bnr. 137,345, 366 m.fl. Jacob Kjødes veg /
Mosebakken i Bergen kommune. ArealplanID: 70980000

Innhald

Innleiing	3
Historisk utvikling av kulturmiljø	4
Registrerte kulturminner	8
Dagens kulturmiljø	9
Planområdet i eit større perspektiv	9
Karakteristisk trekk for planområdet	9
Viktige enkeltobjekt/landskapsrom	10
Skildring av bustadane i planområdet	16
Mosebakken 9 (gnr. 41 / bnr. 137)	16
Jacob Kjødes veg 16 (gnr. 41 / bnr. 366)	20
Jacob Kjødes veg 18 (gnr. 41 / bnr. 345)	22
Det nye prosjektet – konsekvensar for eksisterande kulturmiljø	25
Terrengtilpasning og volum	25
Arkitektur og formval	25
Litteratur og kjelder	28

August 2022 / November 2024

PROSJEKT: Fana, gnr. 41, Bnr. 137,345, 366 m.fl. Jacob Kjødes veg/Mosebakken i Bergen kommune. ArealplanID: 70980000.

TILTAKSHAVAR: Orion Prosjekt AS

KONSULENT: Ard arealplan AS, KAP AS, Arkitekt Marius Waagaard og Liv Fredrikke Andersen

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

KONTAKT: Silje Een de Amoriza, faghistorikar
silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524

Innleiing


Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturmiljørapport i samband med prosjekt i Fana, gnr. 41, Bnr. 137, 345, 366 m.fl. Jacob Kjødes veg/Mosebakken i Bergen kommune, på oppdrag frå Orion Prosjekt AS. Konsulentar er Ard arealplan AS, KAP AS og Arkitekt Marius Waagaard og Liv Fredrikke Anderssen.

Planområdet ligg i området Jacob Kjødes veg / Mosebakken sør for Paradis sentrum i Fana bydel. Det omfattar i hovudsak eigedommane gnr. 41 / bnr. 137, 345, 366 m.fl. og har ein størrelse på ca. 8,4 daa. Området er eit eksisterande bustadområde prega av einebustad- og villabusetnad.

Området er sett av til byfortettingssone (BY, sone 2) i KPA 2018, og er omfatta av hensynssone kulturmiljø (H570_3). Området inngår som bustadføre mål og framtidig sykkeltrassé i kommunedelplan for Ny-Paradis, Hop, Nesttun og Nesttun vest fra 2001 (arealplan-ID 15700000).

Tiltakshavar sin intensjon med planforslaget er «eplehagefortetting» med 7 nye einebustadar. Innanfor planområdet er det tre eksisterande einebustadar, ein garasje og eit hønsehus. Kun garasje er planlagt riven av eksisterande bygningar.

Denne kulturmiljørapporten dokumenterer historie og kulturmiljø i og i nærleiken av planområdet – gjennom tekst, bilder og kartmateriale. Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, byggesaker, kart, teikningar, fotografi – i tillegg til observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 30. juni og 18. august 2022. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.



Historisk utvikling av kulturmiljø

Dei tre bustadhusa i planområdet har adresser Mosebakken 9 (gnr. 41 / bnr. 137), Jacob Kjødes veg 16 (gnr. 41 / bnr. 345) og Jacob Kjødes veg 18 (gnr. 41 / bnr. 366).

Mosebakken 9 ligg heilt nord i det som historisk sett utgjorde garden Hop (gnr. 41). Nabotomtene i nord var del av garden Storetveit/Paradis. Rundt 1590 var garden med i jordegodset til domkapitlet i Bergen,

frå 1616 tilhøyrdte han biskopen i Bergen. I 1703 overtok bergenskjøpmannen Jakob von Wida garden, og etter det har han hatt mange ulike eigarar. På slutten av 1700-talet vart husmannsplassen som fekk namnet «Nøysomheten» rydda i den nordre delen av Hop. I 1830 vart han skild ut som eige bruk. Etter kvart vart Nøysomheten ein lyststad, med hovudbygning på adressa som i dag er Nøysomheten 19.



Kartutsnitt ca. 1856–60. Bruket «Nøysomhet» rett sør for planområdet er markert på kartet. Kjelde: bergenskart.no (https://kart.bergen.kommune.no/image/rest/services/Historiskekart/Historiske_kart_1856_60/ImageServer)

I lengre tid, og særskilt etter opninga av Vossebanen i 1883 med jernbanestasjon på Fjøsanger og Hop hadde velstående byfolk kjøpt tomter og reist villaer i Fana. Frå 1870 til 1920 vart folketalet i Fana tredobla. Folkeveksten i Fana på denne tida skjedde mykje ved at tettstadsområdet strekte seg sørvestover frå Fjøsanger på begge sider av Nordåsvatnet. Ei andre utbyggingsbylgje kom med utbygging av vegnettet etter 1910, og frå tida rundt første verdskrigen vart mykje av bruket Nøysomheten parselert ut til bustader. I 1932 opna jernbane-

haldeplassen Paradis rundt 100 meter sør for planområdet, og rundt Paradiskrysset, om lag 350 meter lenger nord, vart Paradis sentrum etablert i 1930-åra, med servicefunksjonar som post, bank, butikkar og bensinstasjon. Etter kvart var det ikkje berre overklassen som busette seg her, men også fleire frå middelklassen og også arbeidrarar. Det var billigare å bygge seg hus her ute, enn sentralt i Bergen.



Kartutsnitt frå 1907. Planområdet, som ligg om lag rett over dei første bokstavane i ordet «Nöisomhed» på kartet, er framleis ubyggd, men dei aller første villaene rett nord for planområdet har kome. Rett vest for planområdet er Vossebanen bygd. På denne tida var næraste stasjonen på Hop. Kjelde: kartverket.no «Bergens by nr 38 sør: Kroki over Fanehalvøen» (www.kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart/soketreff/mitt-kart?mapId=590).



Kartutsnitt frå 1931. Huset på bnr. 137 (Mosebakken 9) er markert i den grøne sirkelen. Det er no blitt bygd fleire bustader mellom planområdet og Paradis sentrum i nord, og langs Nestunvegen i aust. Kjelde: kartverket.no, «Bergen omland IV» (www.kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart/soketreff/mitt-kart?mapId=5662).



Kartutsnitt frå 1937. Planområdet er markert med grønt. I sørvest har det no komme haldeplass på Vossebanen. Kjelde: kartverket.no, «Søndre Bergenhus amt nr 29: Kart over Fana Bygningsdistrikt». (www.kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart/soketreff/mitt-kart?mapId=2660)

På nabotomtene nord for planområdet, som låg under garden Paradis, vart det bygd fleire einebustader i tida før og etter første verdskrigen, og denne utbygginga spreidde seg etter kvart sørover. Bruk nr 137 (Mosebakken 9) vart skilt ut frå Nøysomheten i 1912, einebustaden som står der i dag, er frå 1930. Bruk nr 345 og 366 (Jacob Kjød-
des veg 18 og 16) vart skilt ut frå bruk nr 2, eit av hovudbruka på Hop, i 1933 og 1934. Begge desse husa har byggeår 1934. I løpet av 1930-åra vart det òg bygd ei rekkje andre einebustader i området mellom Jacob Kjød-
des veg og Nesttunvegen. Frå andre verds-
krigen av skjedde det ikkje store endringar i området før 2010-åra. I 2010 opna By-


banen frå Bergen sentrum til Nesttun med haldeplass på Paradis, om lag 250 meter nord for planområdet. Fortetting som følge av Bybanen har ført til ein stor transforma-
sjon av området, med betydelege endringar for det historiske kulturmiljøet. I nærleiken av planområdet har det blitt bygd eit par leiligheitsbygg på austsida av Jacob Kjød-
des veg, nord for planområdet, og eit nytt bu-
stadhus rett sør for planområdet, i Jacob Kjød-
des veg 18. Det er også ei rekke gjel-
dende detaljreguleringsplaner, pågående planarbeid og byggeprosjekter i og i nærhet av planområdet.



Luftfotografi frå 1961. Dei tre husa i planområda er markert med grøn sirkel. Fotografi: Widerøe's Flyveselskap A/S, marcus.uib.no (<https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-f-018132.html>)



Ortofoto frå 1951. Henta frå bergenkart.no. (kart.bergen.kommune.no/image/rest/services/Ortofoto/Ortofoto1951/ImageServer)



Ortofoto frå 2019. I aust er Bybanen bygd, og ei viss fortetting har tatt til i området. Henta frå bergenkart.no. (kart.bergen.kommune.no/image/rest/services/Ortofoto/Ortofoto2019/ImageServer)


Registrerte kulturminner

Planområdet er del av hensynssone for kulturmiljø H 570_3 Paradis, som vist på kartet under.


Det er ingen SEFRAK-registrerte bygg i nærleiken av planområdet eller kulturmin-

ner registrert i Askeladden.

Vest for planområdet går den gamle jernbanetraseen til Vossebanen, med hensynssone H 570_4.




Hensynssone H 570_3 Paradis. Planområdet er omtrentleg markert med grøn sirkel.



Hensynssone H 570_4. Planområdet er omtrentleg markert med grøn sirkel.

Dagens kulturmiljø



Øversiktsbilde henta frå stedsanalysen.

Planområdet i eit større perspektiv

Planområdet ligg i området Jacob Kjødes veg / Mosebakken sør for Paradis sentrum i Fana bydel.

På side 233 i Kulturmiljøplan for Bergen 2021–2025 er det større omkringliggende området (Fana-Ytrebygda) skildra slik: «Bebyggelsesstrukturen som utvikles på slutten av 1800-tallet og begynnelsen av 1900-tallet, preges av at de nye parsellene i hovedtrekk ble bebygget med store villaer på store tomter. Arkitektur og bygningsvolum viderefører eldre stedegne bygge- og materialtradisjoner og utnytter og tilpasser seg til et kupert terreng og omkringliggende miljø. Bygninger, hage og tilkomst med murer, gjerder og vegetasjon er grundig og

helhetlig utformet. Fra mellomkrigstiden er tomtene og boligene som blir bygget i bydelen mindre, men har fortsatt karakter av villa- og enebolig- struktur, der forholdet mellom hus, hage og terreng oppleves som helhetlig. Store enhetlige og kulturhistorisk verdifulle områder i bydelen finnes i dag i hovedsak på Brennhaugen, Paradis, Hop og Hopsneset, samt Storetveit og Tveiterås. Områdene preges fortsatt av gjennomgående høye arkitektoniske kvaliteter i alle utbyggingsfasene.»

Karakteristisk trekk for planområdet

- Planområdet ligg i eit bustadstrøk med villaer hovudsakleg frå 1910–40. (Like nord og sør for planområdet er det kome til enkelte nye bustadar i seinare tid).

- Den første villaen som vart bygd i planområdet var villa «Fagerlien» (Mosebakken 9), ein sveitervilla med element av jugend frå 1912. Både Jacob Kjødes veg 16 og Jacob Kjødes veg 18 vart bygd i 1934 i funksjonalistisk stilretning – med innslag av Bergenssskole.
 - Området er karakterisert av småkupert landskap, med nokre veldig bratte parti.
 - Omkringliggende bustadområde med villaer med rik variasjon i uttrykk/stilart (sveitser, jugend, funkis, Bergensskolen, eldre bergensk byggeskikk), i både tre og mur og med ulike takformasjonar.
 - Villaene i området er omkransa av hagar og mykje vegetasjon og store trær innimellom – del av det heilskaplege inntrykket.
 - Mange av villaene er godt terrengtilpassa.
 - Steinmurar langs veg og som terreasser i hagar, brukt som del av terrengtilpassing.
- at historisk kjeldematerial viser at dette ikkje er det gamle våningshuset til Vestre Paradis, eit bruk under Storetveit gård, slik det står i stedsanalysen. Villaen vart bygd i 1859 av ein bakermester, og vart seinare påbygd og brukt som utleige til sommarturistar tidleg på 1900-talet. I 1990-åra vart villaen tatt i bruk som Montesorriskule.
- Vossabanetraséen vest for planområdet. Historisk jernbanetrasé som frå starten i 1883 hadde stasjonar på Fjøsanger, Hop og Nesttun. I 1964 vart jernbanen med stasjonar og haldeplasser lagt ned. I dag er traséen forbi planområdet i bruk som sykkelveg.

Viktige enkeltobjekt/landskapsrom

Stedsanalysen har definert nokre viktige enkeltobjekt, det dei kallar landskapsrom, i kulturmiljøet.

- Jacob Kjødes eigedom (Jacob Kjødes veg 15) med tilhøyrande parkanlegg ligg like vest for planområdet. Her ligg eit stort bygg som tronar på toppen av eit høgdedrag med eit luftig parkanlegg rundt. Bygget var kontorbygning for skipsreiar Jacob Kjøde. Det vart oppført i 1935 i teglstein med ornament i tegl. Huset er teikna av arkitekt Erlend Tryti, og vart tildelt A.C. Houens fonds diplom i 1939.
- Nord for planområdet ligg Paradisalléen 20 (tidligere Montesorriskolen) markert som et viktig lokalt høgdedrag og et viktig lokalt landskapsrom. NB, merk



Planområdet sett frå avstand, bilde tatt frå sørvest. Villaen i midten av bildet er Jacob Kjødes veg 16. Bak til høgre kan ein så vidt skimte taket på villaen i Mosebakken 9.



Planområdet med omgjevnader. Til høgre kan ein så vidt sjå Jacob Kjødes veg 16. I midten av bildet skimtar ein dei to nye leilegheitskompleksa som er bygd i 2013 og 2016. Heilt til venstre i bildet ser ein ein eldre villa frå 1920, med stiltrekk frå eldre bergensk byggeskikk. Villaen har adresse Jacob Kjødes veg 19. Bildet er tatt langs Jacob Kjødes veg frå sør.



Planområdet. Til venstre i bildet ser ein Jacob Kjødes veg 16 og til høgre Jacob Kjødes veg 18, begge bygd i funksjonalistisk stil i 1934 – teikna av same arkitekt.



Planområdet. Til venstre i bildet ser ein Jacob Kjødes veg 16 og bak til høgre ser ein sveitervillaen med adresse Mosebakken 9 som ligg på toppen av høgedraget. Bildet er tatt frå Jacob Kjødes veg.



Planområdet. Heilt til høgre i bildet ser ein Mosebakken 9. I midten av bildet lenger nede ser ein Jacob Kjødes veg 16. Her får ein også eit inntrykk av det kupert terrenget i planområdet der tre av den nye bustadane er tenkt plassert. Bildet er tatt frå aust. Foto: henta frå stedsanalysen.



Planområdet. Heilt til høgre i bildet ser ein Mosebakken 9. Bildet er tatt frå søraust.



Kulturmiljø aust for planområdet. Bak til venstre i bildet ser ein Mosebakken 9 i planområdet, i forgrunnen ser ein villa med adresse Mosebakken 12.



Bilde frå planområdet med villa med adresse Mosebakken 12 i bakgrunnen. Her får ein eit inntrykk av terrenget i planområdet.



Kulturmiljøet rundt planområdet. Bildet er tatt frå Jacob Kjødes veg frå nord, i retning planområdet. Fremst i bildet ser ein eit av nybygga i området, frå 2016, med adresse Jacob Kjødes veg 10. Like til høgre ser ein villaen med adresse Jacob Kjødes veg 14, som har fleire trekk frå Bergensskole-retninga. Generelt viser dei eldre villaene i området stor variasjon i stilretning/uttrykk.



Det andre nybygget langs Jacob Kjødes veg, like nord for planområdet, med adresse Jacob Kjødes veg 8. Bygget stod ferdig i 2013.



Jacob Kjødes eigedom med kontorbygning, uthus og tilhøyrande parkeigedom. Eigdommen ligg like vest for planområdet, og utgjer eit sentralt element i kulturmiljøet. Heilt til høgre i bildet ser me villaen frå 1920 med adresse Jacob Kjødes veg 19. Bildet er tatt frå sør.

Skildring av bustadane i planområdet

Mosebakken 9 (gnr. 41 / bnr. 137)

- Villa Fagerlien
- Byggeår: 1912
- Arkitekt: Ukjent
- Sveitserstil med innslag av jugend. Ligg i enden av ein blindveg på ei stor og usjenert tomt. Huset er i tre, står på høg gråsteinsmur med kjellar, har bratt saltak, asymmetrisk utstikk på hovudfasade. Dekor i vindauger/vindaugsomramming, i møner og utstikk.
- 1929: nytt tilbygg, og eit overbygg over veranda. I følge byggesaksarkivet er det ikkje gjort større endringar etter dette.
- 1993: villaen fekk nye eigarar, og var då prega av stort forfall. Sidan den tid har villaen gjennomgått ei omfattande restaurering.
- Det går ein gamal mur mellom eigedomane Mosebakken 9 og Jacob Kjødes veg 14. Denne ligg nord/nordvest for Mosebakken 9. I den gruslagde stien som utgjer tilkomsten til Mosebakken 9 er det ein nyare tørrmurt steinmur.
- Det gamle hønsehuset – som opphavelig hørde saman med Mosebakken 9, og vart bygd i same stil som villaen – er det i dag nokon andre som eig.
- I den tilgrodde delen av tomta sør for huset – nedanfor hønsehuset, finst der nokre trapper og murar, men det er ikkje så godt å få grep om kva det er eller har vore – truleg ein del av hageanlegg eller tidlegare tilkomst.
- Det var ein gong eit hageanlegg med små stiar på flata (sørvest) for huset – dette ser me ikkje spor etter lenger, og eigar opplyser om at det er lite igjen av gamle hageplantar. Her er eit gamalt epletre nær grensa mot Jacob Kjødes veg 16.
- Restaurering av villaen er nøye skildra i ein artikkel i Bygg og Bevar: <https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/inspirasjonsartikler/sveitserhus-paradis>



Arkitekt-teikningar av huset slik det vart bygd i 1912.
Kjelde: Byggesaksarkivet.



Arkitekt-teikningar av huset frå 1928 som viser fasadeendringar. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Villa Fagerlien i Mosebakken 9 slik den framstår i dag, fasade mot sørvest. Villaen er omkransa av ei større tomt som heller nedover mot vest. Like rundt huset er det hage, resten er igjengrodd med mykje vegetasjon. Foto er henta frå artikkel i Bygg og Bevar – <https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/inspirasjonsartikler/sveitserhus-paradis>



Villa Fagerlien i Mosebakken 9 med omkringliggende hage. Fasadar mot sørves og nordvest. Eigar opplyser om at det er så nær som ingenting igjen av det opphavslege hageanlegget. Foto: Øyvind Johnsen (2015) – Bygg og Bevar – <https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/inspirasjonsartikler/sveitserhus-paradis>



Villa Fagerlien i Mosebakken 9, fasadar mot søraust og nordaust.



Det går ein gamal mur mellom eigedomane Mosebakken 9 og Jacob Kjødes veg 14. Denne ligg nord/nordvest for Mosebakken 9.



Det gamle hønehuset som opphavleg tilhørde Mosebakken 9 står i dag til forfall og er dekket av mykje vegetasjon.

Jacob Kjødes veg 16 (gnr. 41 / bnr. 366)

- Villa Kroken
- Byggeår: 1934
- Arkitekt: H. W. Rohde
- Einebustad i tre, med valmtak. Bygd i funksjonalistisk stil (rektangulær bygningskropp, asymmetrisk plassert karnapp, todelt fasade, liten/enkel dekor)
- Villaen framstår i all hovudsak med opphavleg uttrykk, få endringar gjort.



Arkitekt-teikningar frå 1934. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Villa Kroken med adresse Jacob Kjødes veg 16. Fasade ut mot Jacob Kjødes veg i vest. Til høgre ser ein også villaen med adresse Jacob Kjødes veg 18. Villaen ligg på ei flate mot vegen, tett inntil brattare terreng mot aust.




Villa kroken – fasade mot sør.

Jacob Kjødes veg 18 (gnr. 41 / bnr. 345)

- Villa «Tippetue».
- Byggeår: 1934
- Arkitekt: H. W. Rohde (same arkitekt som villaen i Jacob Kjødes veg 16).
- Eiebustad i tre, valmtak med raud takstein. Bygd i funksjonalistisk stil (høg, rektangulær bygningskropp, asymmetrisk tilbygg, todelt fasade, to- og trefags vindauger uten sprosser,

liten/enkel dekor) Opparbeidde murar, god tomte- og terrentilpasning med avrunding mot veg, bruk av naturmateriale kan henvise til påverknad frå Bergens-skolen.

- 1943: Lite påbygg mot nord. Teikna av arkitekt Anders Nortvedt.
- 1973: Garasje bygd.



Arkitektteikning frå då huset vart bygd i 1934. Henta frå Byggesaksarkivet i Bergen.



Villa Tippetue med adresse Jacob Kjødes veg 18, fasade mot nord, ned mot Jacob Kjødes veg. Her ser ein eksempel på terrengtilpasning som ein kan kjenne igjen frå fleire andre villaer på Paradis. Tilbygg med mur avdempar og avrunder mellom bygning og terreng/veg.



Villa med adresse Jacob Kjødes veg 18, fasade mot aust.



Villa med adresse Jacob Kjødes veg 18, fasade mot aust, med garasje i forkant. Garasjen er tenkt riven i samband med planlagt prosjekt.



Villa med adresse Jacob Kjødes veg 18, del av hageanlegg med mur.

Det nye prosjektet – konsekvensar for eksisterande kulturmiljø

I planområdet ønsker forslagsstillar å gjennomføre eplehagefortetting med etablering av sju nye einebustader med tilhøyrande tilkomstveg og utomhusareal. I planområdet ligg det tre eksisterande villaer. Desse skal bevarast, mens garasjen til Jacob Kjød-
des veg 18 er tenkt riven. To arkitektgrupper er involvert i prosjektet: KAP arkitekter har tegnet dei fire einebustadane i vest (BF4-6), medan Arkitekt Marius Waagaard og Liv Fredrikke Anderssen har utforma tre einebustadar i den østre delen av planområdet (BF7). Arkitektane for prosjektet informerer om at dei har tilstreba eplehagefortetting med ein skånsam tilnærming til landskap, vegetasjon og hageanlegg. Forslaget inneheld følgjande tiltak:

- Dei to husa i Mosebakken 9 er plassert i ein skrent der vegetasjonen stort sett er kratt. Eit større tre vil bli ståande mellom husene. Dette ønsker ein å bevare.
- Nytt hus i Jacob Kjød-
des veg 16 er plassert i den skrånande søraustre del av tomta. Det er ikkje funne bevaringsverdige tre eller vegetasjon i denne delen av tomta. Mot Mosebakken 9 er det ein nyare oppbygd platting som ikkje tilhøyrer noko eldre hageanlegg. Denne er tenkt riven slik at huset kan plasserast inn i terreng.
- Nytt hus i Jacob Kjød-
des veg 18 vil medføre fjerning av nokre tre – sjå befæringsrapport/tilsyn datert 26.09.2019.
- Tre nye hus på tomta 41/164 og 41/875 i aust (BF7). Dei vil ligge med ein bustad i dels bratt skråning høgare oppe i terrenget (BF7A) og to bustadar nede på oppfylt flate (BF7B-C).

Planområdet er del av hensynssone H570_3, og for denne hensynssonen står det at:
«Tiltak innenfor området må ivareta de høye

arkitektoniske verdiene i bestående bebyggelse, samt videreføre de stedegne farge- og materialkvalitetene i området. Nye tiltak må forholde seg til volum og høyder på eksisterende bebyggelse og terreng.»

I det nye prosjektet vil ein tilpasse seg områdets karakter og bygningstypologi ved å legge til rette for einebustadar.

Terrengtilpassing og volum

Deler av planområdet består av bratt terreng med mykje vegetasjon. Generelt god terrengtilpassing er karakteristisk for den eldre busetnaden i det eksisterande kulturmiljøet. Arkitektane for BF4-6 opplyser om at dei fire husa inngår i ulike landskapsmessige situasjonar med utforming som er tilpassa terrengfall og tomt. Volum på husa er skalatilpassa slik at både storleik og fasadeflater skal harmonere med omkringliggande hus. Dei tre planlagte husa nord i planområdet følgjer skrenten innover i terrenget og har om lag same størrelse som eksisterande busetnad. Ifølge arkitektane innordnar dei seg eksisterande busetnad i måten dei er plassert på i terrenget.

Arkitektane for BF7 påpeikar at bustadane i aust vil gje minimalt med silhuettverknad på grunn av plasseringa i terrengsøkket: Desse bustadane meiner dei kan tåle ei høgd på tre etasjar for å oppnå utsikt og lys til øvste etasje utan å forstyrre silhuetten. Husa vil underordne, og tilpasse seg eksisterande busetnad i høgd og skala, og voluma vil ta opp saltaksforma frå nabobustader. Dei tre husa vil ha lik utforming, med høg base. På oversida av husa vil basen strekke seg opp til andre etasje for å ta opp terrengvariasjonar i dei bratte tomtene. BF7-A vil leggjast imellom Mosebakken 9 og 12, men litt lågare i terrenget en desse med lågare mønehøgde. BF7 B og C ligg mykje lågare på flata og vil ifølge arkitekta-

ne i liten grad påverke utsikta for naboar og silhuettverknad.

Arkitekt for BF4-6 opplyser om at det fjerde huset på kollen ligg på ei naturleg flate, noko som medfører avgrensa terrenginn-grep. Frå eit kulturmiljøperspektiv er det imidlertid fleire eksempel på eldre villaer som ligg og tronar på toppen av ein kolle. Desse villaene er ofte avdempa mot omkringliggende område med store hageanlegg, vegetasjon, terrassering med avrunda murar rundt tomte – grep som bidreg til å mjuke opp verknaden av bygningskropp mot terrenget.

For det gjeldande prosjektet opplyser arkitektane at store trær og rik vegetasjon skal bidra til at husa inngår i ein heilskap. Bruken av vegetasjon som terrengtilpasning og avdemping mot veg er ei tilnærming som også har vore brukt i tidlegare utbyggingsfaser i området, og er slik sett i tråd med det omkringliggende kulturmiljøet. Eit anna grep som har vore brukt i området er, som nemnt, avdemping ved bruk av terrassering og avrunda steinmurar/gjerder mot veg. Nabovillaen med adresse Jacob Kjødes veg 18 er eit eksempel på dette.


Arkitektur og formval

Strøkskarakteren er som nemnt også prega av villaer og hageområder av høg kvalitet (utforming og materialitet) og stort mangfald i stiluttrykk. Dei planlagte bustadane vil ifølge arkitektane få eit tilsnitt av tidsriktig og moderne arkitektonisk uttrykk med høg kvalitet av materialbruk.

Arkitektane viser til at utforminga av det nye prosjektet er ei moderne tolkning av den detaljrike og frodige arkitekturen i dei historiske villaene i området. Dei tre nye husa (nord i planområdet) som er tenkt plassert opp mot den eldre delen av busetnaden er høgrest og har saltak og utbygg som dannar silhuett. Bruken av saltak på dei tre bustadane i nord, kombinert med vinklinga på desse, gjer at dei tilpassar seg kulturmiljøet her. Dei høgreste bygningskroppane har

referansar til både sveitservillaen i Mosebakken 9 og villaene i funksjonalistisk stil. Formvalet på den fjerde bustaden på toppen av kollen gjer det noko vanskelegare å sjå korleis denne tilpassar seg eksisterande bygningstypologi. Arkitekt skriv følgjande om utforminga av denne villaen: «Den fjerde eneboligen ligger på en kolle mellom to funksjonalistiske villaer. Men disse har til dels slake takvinkler, typisk for sin samtid, har det nye huset dobbelt saltak, som er utbredt i vår tids moderne villabebyggelse. Takformen gir en begrenset høydevirkning og bidrar til å redusere silhuettvirkningen. Sett fra vest har de tre husene omtrent lik gesimshøyde (s. 3 i redegjørelse av 28.06). Det nye huset er orientert øst-vest på kollen, tilsvarende de to nabohusene. Slik er den nye bebyggelsen tilpasset den eksisterende.»

Arkitektane for BF7 informerer om at bustadene i aust vil ha hovudvolum med tradisjonelt saltak, kledd i trematerialar med jordfargar. Tanken er at desse bustadene skal smelte inn i vegetasjonen, og slik vera med på å dempe verknadane av fortettinga. Basen kan bli kledd i ei tegl eller puss, som vil harmonere med natursteinsmurane og dei kvitmala og ubehandla betongmurane hos nabobusetdanden, men med eit moderne uttrykk. Utstikket med takterrasse er inspirert av balkongen hos Mosebakken 12 og vil skape eit uteareal som ligg høgare oppe for å auke solforhold og utsyn, til tross for plasseringa i det lave terrenget. Utstikket vil, på grunn av materialvalet i puss eller tegl, lesast som ein integrert del av basen. Eksisterande bustadar og grøntareal/hagar i området er integrert på ein måte som gir lys og luft til alle, samtidig som det ivaretek privatlivet. Eplehagefortettinga vil medføre eit meir avgrensa hageareal, og delar av hagane til dei nye husa vil ligge tett på hagane til eksisterande hus, noko som kan føre til meir eksponering i nabolaget. Dette er ein medvirkande årsak til at alle husa får ein skjerma uteplass i form av ein høgtliggjande balkong.



27



Illustrasjon –det nye prosjektet sett i fugleperspektiv fra sør.



Illustrasjon –det nye prosjektet sett fra vest.



Illustrasjon – det nye prosjektet sett fra sørvest.



Illustrasjon – det nye prosjektet sett fra sør.

Litteratur og kjelder

«Identitet med særpreg». Kulturmiljøplan for Bergen 2021–2025.

Gunnarsjaa, Arne. 1999. *Arkitekturleksikon*. Abstrakt forlag, Oslo.

Larsen, Jacob T. 2002. Gards- og ættesoge. Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Karl Egil Johansen, Fana bygdebok 3, Fanabu og bymann 1870-1972 (Bergen, 1993)

«Kondemnabelt på Paradis», artikkel i Bygg og bevar om restaurering av Mosebakken 9, <https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/inspirasjonsartikler/sveitserhus-paradis>

Seeiendom.no

Byggesaksarkivet, Bergen kommune

Universitetsbibliotekets billedsamling i Bergen – marcus.uib.no

Norgebilder.no

Bergenskart.no